



Indre Nordfjord Turlag

40 år 1977 – 2017



Årsmøte Indre Nordfjord Turlag 2017

Fredag 24. november 2017 kl.18.00



Gamlesmia ombygd til selskapslokale



Leiarane i INT gjennom 40 år

Eivind Skjerven – Jan Træen – Alf Lefdalsnes – Per Jakob Kyrkjeide – Benthe Kjøs – Olav Auflem

ÅRSMØTE 2017

INDRE NORDFJORD TURLAG

Fredag 24.november kl. 18.00 i « Smia»

Åpning av årsmøtet ved Olav Auflem og musikkinnslag

ved Arne M. Sølvberg.

Sakliste:

- 1) Godkjenning av innkallinga
- 2) Val av møteleiar og sekretær
- 3) Årsmelding INT 2017
- 4) Rekneskap
- 5) Sak frå årsmøte 2016 – styrehonorar
- 6) Val
- 7) Eventuelt
- 8) Kort pause

Klatretur til Pategonia v/Endre Vonheim

Bilder frå turar 2017/Presentasjon av turar 2018

Indre Nordfjord Turlag gjennom 40 år v/ Olav Auflem

Velkomne

Olav Auflem

-leiar INT -



Indre Nordfjord Turlag

Årsmelding 2017

Årsmøte for 2016 vart halde på Stryn Vidaregåande Skule fredag 25.november med 28 frammøtte. I og med endring av vedtekter på årsmøte for 2015 i januar vart dette første årsmøte som heretter skal haldast innan utgangen av november kvart år. Årsmøtet starta denne gongen med matsservering i kantina. Gode asiatiske rettar. Sjølve årsmøte vart halde i auditoriet på skulen. Det var ikkje kome inn spesielle saker til årsmøtet, så gjennomgang av årsmeldingane og rekneskap gjekk greitt unna. Det vart ein del diskusjon rundt eit forslag frå Jan Træen om godtgjerdsle til styreleiar på kr. 5000.00 årleg. Etter eit framlegg frå Olav Auflem fekk styret fullmakt til å utarbeide og fordele styregodtgjerdsle. Utgreiast som sak til årsmøte 2017. Som avslutning vart det vist flotte bilder av turar i 2016 og presentert turar for jubileumsåret 2017. Ut av styret gjekk Hildegunn Mykløen. Ny i styret vart Kristine Tønning. Styret i jubileumsåret 2017 har hatt slik samansetting.

Leiar:	Olav Auflem
Nestleiar:	Odd Henrik Berge
Sekretær:	Siv Solheim
Økonomiansvarleg:	Idar Skogli
Styremedlem	Jan Skaare
Styremedlem	Renate Berstad
Styremedlem	Kristine Tønning
Varamedlem:	Oddbjørg Tønning
Varamedlem:	Lee Mikkelsen

Gruppeleiarar:

Seniorgruppa: Eivind Skjerven

Bre – og Fjellsportgruppa: Siv Solheim

Barnas Turlag: Renate Berstad

INT – Unggruppa Kristine Tønning

Hyttestyret Vetledalssetra: Tor Guddal/Jon Erik Greidung/Per Jakob Kyrkjeeide og Stig Skaare.

Avslutningsvis delte Olav ut blomster/gåver til valnemd og dei som gjekk ut av styret.

Det har i 2017 vore halde 5 styremøter og handsama 44 saker. I tillegg til styremøta har det vore halde ulike møter der styremedlemmer har vore representert. Styret har også oppretta eiga «styreside» på Facebook slik at ein del hastesaker har blitt handsama der. Økonomien i laget er god. I jubileumsåret 2017 har vi hatt ein **fomidabel** auke i medlemar. Frå 385 til 459 tilsvarar 20 % auke. For eit lite lag som INT er dette ein svært gledeleg vekst.

Hoved	Ungdom	Hønnør	Livsv.	Born	Skule	Hustst.	Fam.Hust.	Fam.h.	Sum
187	21	41	1	21	12	54	88	32	459

Turar i 2017

Jubileumsåret 2017 har vore eit innholdsrikt år med mange flotte turar. Totalt med onsdagsturar og seniorturar var det planlagt 73 turar. I tillegg har det vore arrangert turar utanom programmet. Vi lånte vinteren 2017 Randoneeutstyr frå SFT og arrangerte 4 nybyrjarturar. På desse turane fekk både førstegongsbrukarar og andre teste seg, totalt 45 deltakarar. Tanken er å prøve dette vinteren 2018 også. Jubileumsturane har vore skitur til Danskehytta i april. Bretur frå Vetledalen til Slæom og Sota i Tor Greidung sine fotspor. I September var det tur til Spiterstulen. Der kunne ein velge om ein tok turen til Galdhøpiggen eller i Svellnorsbreen(Eventyrisen). Kvart år må ein rekne med avlysning av enkeltturar, så også i år. Spesielt kjedeleg med avlysning av Lodalskåpeturen då det var mange utanfrå som hadde meldt seg på. Totalt har vi hatt om lag 1500 med på dei ulike arrangementa /turane våre i 2017 – ein auke frå rundt 1200 hundre i 2016. Dette gjenspeilar nok også auken i medlemsveksten vår.

Jubileumsåret 2017

Vi «tjuvstarta» jubileumsturane med ein overnattingstur til Danskehytta i april. Ein kjekk tur med mykje moro.



Flott på danskehytta

Medlemsmøte

3. mai vart det arrangert medlemsmøte nøyaktig på dagen 40 år sidan oppstart av turlaget. Det var godt fram møte med alle tidlegare leiarar på plass i salen. Astrid Kallstveit hadde med seg helsing frå Sogn og Fjordane Turlag, og eit ullteppe som gåve til jubilaranten. Ullteppe er komt på plass på Vetledalssetra. Anne Marie Aamelfot Hjelle hadde med blomster og helsing frå DNT.

Etter at Olav Auflem hadde ynskt velkomen til medlemsmøte orienterte den første leiaren i turlaget Eivind Skjerven om starten og dei første åra i laget. Jan Træen overtok stafettpinnen og fortalde litt frå si tid som leiar. Alf Lefdalsnes hadde også gode minner frå tida som leiar i laget.

Etter kaffi og jubileumskake fortalte Olav Auflem litt om turprogrammet for 2017. Deretter heldt han innlegg om Tor Greidung og litt om bakgrunn og historie om hytta på Vetledalssetra.



Medlemsmøte 3. mai . Første leiaren Eivind Skjerven klar til kakesmaking.



Eivind Skjerven med gåve for innsatsen for laget



Bretur Vetledalen – Slæom – Sota – Ved Tors Gryte – turleiar Sverre Sæten



Galdhøpiggen frå Spiterstulen



Svellnosbreen 2.september 2017

Kurs 2017:

I 2017 vart det utdanna 6 nye nærturleiarar i INT. På Ambassadørkurset i kantina til Stryn Næringshage var 16 stk med. Av desse vart 8 med vidare på grunnleggande turleiarkurs som vart halde på Vetledalssetra 13. – 14. mai . Kurset vart halde av Vigdis Flaten Kvamme og Roy Raasholm Fauske frå SFT. Dei 6 frå INT er: Olav Auflem, Renate Berstad, Ingrid Henjum, Lars Raae, Siv Ragnhild Lillestøl, Sunniva Sivertsen.



Turmagasinet 2017

I Turmagasinet som Sogn og Fjordane Turlag gjev ut til alle husstandar i fylket hadde vi fylldig omtale av turen over til Slæom. Anne Rundsen som er redaktør i magasinet hadde fått med flott omtale av turen frå Vetledalssetra til Slæom og Sota. I turmagasinet er det kvart år turar som er spesielt utvalgt av lokallaga. Her får vi høve til å markere oss med turar vi skal ha i løpet av året.

Opptur 2017

Turlaget arrangerte opptur for både Stryn Ungdomsskule og Olden Barne og Ungdomsskule . onsdag 7. juni. Dette er eit tiltak på landsbasis som skal sette friluftsliv i fokus for alle 8.klassane i landet. Stryn Ungdomsskule hadde rappelering/kano og slakk linegåing på programmet. Olden Barne og Ungdomsskule hadde fjelltur frå Aaberg til Aabrekk Gard . Grilling stod sjølvstogt på programmet begge stadane. Totalt hadde vi med ca 130 delt.



Stryn Ungdomsskule



8.klassingar Olden. Pause ved Jakobsbu. Hytta til kjentmann Jakob Aaberg.

Representasjon /utsendingar til møter 2017

Utsendingar til årsmøte i Sogn og Fjordane Turlag: Olav Auflem og Odd Henrik Berge

Utsendingar til årsmøte i DNT: Olav Auflem og Odd Henrik Berge

Utsendingar til årsmøte i DNT – Ung: Hildegunn Mykløen og Kristin Tonning

Utsendingar til årsmøte Bre og Fjellsport: Siv Solheim

Utsendingar Fellesmøte SFT Per Jakob Kyrkjeide og Odd Henrik Berge

Åpning av Skålabu Som hyttevenn var INT representert v/Olav Auflem.

Synfaring i Sunndalen Olav Auflem

Kartprosjekt Stryn Kommune Per Jakob Kyrkjeide/Olav Auflem

Sogn og Fjordane Turlag
Odd Henrik Berge, vara til styret
Kristine Tonning, i Ungdomsutval
Olav Auflem, turnemd - turprogram

Prosjekt 2017:

Indre Nordfjord Turlag har sett i gong to store prosjekt dette året:

Barnas Turlag: Utplassering av 10 raude Turbo- kassar rundt om i kommunane Stryn og Hornindal. Dei er godt besøkt og turlaget håpar at familiar med små born set pris på tiltaket. Eit prosjekt som har vore gjennomført av medlemmane i BT. Dei har gjort ein framifrå dugnadsinnsats for å få det til.



Turbokassa på Gråberg i Markane

Stimerking i Utvik: Etter forespørsel frå initiativtakar Solveig Stange søkte vi om fylkesmidlar til sti og vardemerking i Utvik. Midlar har vi fått og arbeidet er sett igong. Vert vidareført i 2018. Meininga er å merke ein del stiar til setrane i Utvik/Tistham med infotavler og godt merka stiar.



Vetledalssetra:

Hytta har vore godt besøkt også i 2017. Hyttestyret gjer ein flott innsats med vedlikehald og supplering av mat m.m. I år nytta vi hytta til utdanning av turleiarar. Tilbakemeldingane både frå deltakarar og kurshaldarar udelt positive. Vi fekk gjennomført kurset, sjølv om snøen låg der også i midten av mai. Målet om over 100 overnattingar var nådd – 107.



Då gjenstår det berre for styret å takke turleiarar og alle som har vore med å hjelpt til på arrangement i 2017 for ein fantastisk innsats. Turlaget er basert på frivillig arbeid, all ære av den jobben de har gjort for laget.

Olav Auflem

Odd Henrik Berg

Idar Skogli

Siv Solheim

Jan Skaare

Kristine Tonning

Renate Berstad

Årsmelding 2017 – Barnas Turlag



Styret i Barnas Turlag har i år bestått av Renate Berstad, Jan Skaare, Kenneth Breidablik, Ingrid Henjum og Marita Nistad.

I vår var Renate og Ingrid på Grunnleggande Turleiarkurs i regi av DNT Sogn og Fjordane i samarbeid med INT. Vi fekk blant anna innføring i navigering, kartkunnskap, turplanlegging i tillegg til generell turleiing.

Storsatsinga i år har vore «Ti turar med Turbo». Vi satt opp 10 raude Turbo kasser på ulike turmål i Stryn og Hornindal Kommune. Alle borna som gjekk fem eller fleire ulike turar fekk premie. Vi har fått sponsa nokre hovudpremiar som vart trekt ut blant medlemmar som leverte inn skjema. Tilbakemeldingane har utelukkande vore positive. Det har vore ulik vanskegrad på turane slik at vi har hatt turar for både store og små, på kjente og ukjente turmål. «Ti turar med Turbo» vil vi vidareføre i 2018.



Vi fekk ein knallstart på året med sol frå skyfri himmel på Kom Deg Ut Dag i februar. På Ullsheim kosa ungar i alle aldrar seg med fart og moro. Det var grilling, skileik, aking og rebusløp.

I sommar hadde vi turar til Grendasetra, Gråberg og Vetledalsetra. Det har vore ulik oppslutnad på turane i år. Gjennom året har vi gjort oss erfaringar som vi vil ta med oss i vidare planlegging av arrangement.

I år gjorde vi ein vri på Kom Deg Ut Dag i september. Vi hadde to arrangement denne dagen. På Sagedammen hadde vi kanopadling, fising og natursti, i tillegg fekk vi besøk av Turbo! I Oldedalen var ein gjeng på aktivitetshelg med overnatting i Steinalderhola og tur til Laukisætra. Dette var ein tur retta mot den eldste aldersgruppa i Barnas Turlag.

Vi avslutta turåret med natursti og lommelykt tur til Spjelkebu.

Vi bur i kommunar med fantastisk natur med mange fine turmoglegheiter, som innbyr til mange spennande aktivitetar. Til neste år planlegg vi å legge dei faste arrangementa våre som Kom Deg Ut Dag og lommelykt tur til nye spennande turmål. Vi håper vi kan inspirere folk til å komme seg ut i naturen og bidra til positive naturopplevelser, som vil skape gode barndomsminner.

DNT feirar 150 års jubileum 21. januar 2018. DNT markerar dette ved å legge Kom Deg Ut Dagen til denne dagen.

Takk for i år, og velkomen på våre arrangement neste år. Turbo gledar seg til å ta med akkurat deg på nye turar i 2018.

Helsing Styret i Barnas Turlag v/ Jan Skaare og Ingrid Henjum 17/11 -17



Flott bilde av born som ser utover flott vestlandsnatur

Årsmelding Ung . gruppa 2017

Tur-året har vore veldig opp og ned for ung-gruppa. Vi starta i januar med ein randoneetur til Gryta, med grei oppslutning. Vi satt opp seks turar og tre av dei som stod på programmet blei gjennomførte, Tyssenaustet, Svartevatnet og Via Ferrata. Det blei og arrangert turar litt langs med sommaren, som kanopadling i Lodalen der vi hadde med oss nokre. Vi satt også opp kanopaling på Langesetvatnet der ingen kom. Den siste turen vi hadde for sesongen var den mest populære, i år som i fjord. 17 stk. var med på Via Ferrata, dei aller fleste frå Sunnmøre og Sunnfjord.

Vi slit med oppslutning til turane vi arrangera, difor har vi neste år har vi satt opp færre turar enn i år då vi satsar på få tura og å få gjennomførte alle. Vi brukar nærområdet til turane våre då vi vil at det skal vere enkelt og nært å melde seg på og bli med.





- Leiar Kristine Tønning



Årsmelding 2017 INT Bre og Fjellsport

Medlemmar i gruppa har vore: Per Jakob Kyrkjeide, Vidar Dysthe og Jonny Hjelle, og underteikna

Det var oppsett 5 turar i denne gruppa sin regi. Både skiturar, bre og fotturar. Varierende deltaking pga veir o.l men toppturar på ski har det vore god deltaking på.

Lodalskåpa måtte dessverre avlysast i år først og fremst pga dårleg veir.

.Det er eit ynskje og mål i INT både vaksne, barn og ungdom skal få mogeleigheit til å oppleve breane våre på nærthold.

INT sin intensjon med gruppa er å utdanne/ kurse folk i brevandring, og med dette få i gang tilbud om spennande Breturar for vaksne og ungdom.

Dette skal det jobbast aktivt med framover.

Underteikna deltok på Årsmøtet til Bre og Fjellsport som i år var lagt til Bodø.

Det var aktive og sosiale dagar med toppturar på ski og mykje veir!



Fin gjeng på Røyhusnibba.

Hornindal 11.11 2017

Siv Solheim leiar

ÅRSMELDING 2017 SENIORGRUPPA

Seniorgruppa i INT har no gjennomført sin tredje sesong. Styret har prøvt nye opplegg for å få auka oppslutnad om turtilboda. . Etter gruppestyret si vurdering svarar ikkje resultatata til dei resursar som blir sette inn. Der er lita deltaking og det har såleis ikkje ført til auke i medlemstalet. Med dei utlegg det er til annonsering, bør INT vurdere om seniorgruppa er liv laga.

OVERSYN OVER DELTAKARAR PÅ TURANE:

Dato	Turmål	Ja) Tilrettelagt for rullestolbrukarar	Tal deltakarar
27.04.2017	Turstien på Visnes		5
18.05.2017	Postvegen - Faleide – Vegtun		6
06.06.2017	Ullsheim - ulike turtilbod x)	(Ja)	---
15.06.2017	Nedre Tonningssetra via Hynnelsbrua		9
06.06.2017	Nordfjord Fritidssenter (Vangen) - Ulike turtilbod	Ja	18
27.07.2017	Brenndalen		0
03.08.2017	Tjugensetra		0
17.08.2017	Grasdalen		0
07.09.2017	Tonningsetra Holsetra (endra turopplegg)		3
	SAMLA DELTAKARTAL		35

Deltakartalet på turane er langt mindre enn forventa. Turane blir annonserte i Fjordingen og på facebook. Nokre av turane har vi fått omtale av i Fjordingen. Vi hadde rekna med at dette skulle bli eit attraktivt tilbod for godt vaksne seniorar.

Fleire organisasjonar har etterlyst eit slikt tilbod. Men det har vore svært lita interesse frå organisasjonar som har medlemmer som dette skulle høve godt for..

Vi som står i brodden for gruppa, har slite for å få tak i kontaktpersonar som kunne ta ansvar for turar i si bygd. Dette har synt seg vanskeleg å få til..

På nokre av turane har vi hatt med ein lokalkjende personar. Stor takk til Jens Tønning som følgde oss på turen til den nye Hynnelsbrua og fortalde om gamle ferdselsveggar og stiane.

På turen som starta på Faleide, orienterte Gunnar Langeland saman med Ingrid Heiern om gamle Faleide skule som no er blitt eit spennande skulemuseum.

Turtilboda frå Ullsheim var det gjort avtale om eit samarbeid med Turgruppa i Stryn og Hornindal Pensjonistlag . Dei valde å stå åleine som arrangør slik laget har gjort det tidlegare.

Vi gjer merksam på at dei turane der det er mogeleg å vere med for rullestolbrukarar så må dei som treng hjelp melde seg på dagen før slik at vi har nok turleiarar. Helsa har svikta ein del i de siste. Dette gjer at eg har sagt frå meg attval. Dersom gruppa skal halde fram, må det yngre krefter til. Eg er sterkt i tvil om seniorgruppa i si noverande form er liv laga.

Oddmund Teigland og eg har vore gode parhestar som har lagt oss i selen for å få gruppa opp og gå.

Sentralsjukehuset S&F,,20.11.17

Oddmund Teigland

Nestleiar

Eivind Skjerven

leiar



Frå tur til Nordfjord Fritidssenter

Onsdagsturar 2017:

Vi har hatt rundt 200 stk med på dei 21 onsdagsturane vi har hatt. Varierende frammøte frå 0 til over 20. Totalt sett er det eit tilbod som fortsatt vert sett pris på, men vi merkar at det er fleire med på finversdagar enn litt meir ruskete. Opplevingar i litt ruskever kan også vere fint. Her er eit par bilder frå godt besøkte onsdagsturar.





Årsmelding 2017 – Vetledalshytta INT

Styret for Vetledalshytta INT har heller ikkje i år hatt eige styremøte. Informasjon mellom gruppestyret i høve til arbeid/ avklaringar er kommunisert på tlf., epost og ved meir tilfeldige samtaler. Dei enkelte gruppemedlemane fører tilsyn med hytta ved eigne besøk, og utfører tilsynsarbeid når dei har høve til det.

Sist vinter hadde vi ein runde med leiar i INT vedkomande prisar på overnattingsbesøk. Sett i høve til andre og nyare hytter med noko betre standard, fann vi at prisnivået skulle vere relativt lavt.

Drøftingane førte til desse prisane:

Voksen	medlem kr. 150,-	ikkje medlem kr. 250,-
Ungdom 13-26	medlem kr. 100,-	ikkje medlem kr. 150,-
Barn 0-12	gratis	gratis
For telt	gratis	
Hund	gratis	
Dagsbesøk	gratis dersom ein berre er innom hytta	
Dagsbesøk	kr. 50,- ved bruk av ved/propan	

Både denne prislista og ny prisliste for varekjøp vart folierte og hengt opp i hytta i samband med dugnad/nedvask den 1.mai.

Det vart kosta og vaska med grønsåpe både oppe og nede. Samt skifte til reine sengeklede. Det vart også supplert med noko matvarer som det var lite av, og ny hyttebok vart kjøp inn.

Gass-beholder av stål 5kg vart skifta ut med kompositt-beholder 10kg. Ny 25 liters vasstank m/tappekran vart kjøpt inn og teke med.

Utedoen vart tømt og søppel frå ved-skjulet vart teke med heim igjen til avfallslevering.

I samband med medlemsmøtet for 40-års-jubileumet INT den 3.mai, vart det orientert om historia til Vetledalshytta, renoveringsarbeidet som vart gjort og driftsavtalen mellom INT og eigaren.

Helga 12.-14.mai vart det halde Grunnleggande Turleiarkurs på hytta og i nærområdet, med 11 deltakarar pluss 2 instruktørar frå Sogn og Fjordane Turlag v/Kurs- og fjellsport.

Noko seinare fekk hyttestyret beskjed om at det var lopper i hytta. Dette gjorde til at vi tok ein ny runde 25.mai med risting/lufting av alle sengekle, støvsuging og spray-påføring i loftsetasjen. Det var truleg såkalla fuglelopper, som er vanlege i heile landet i reir til mange ulike fuglearter – og er eit typisk vårfenomen. Samtidig vart det også laga til ein del ved, av nedsaga bjørk ved innfallsporten til setera. Seinare på sommaren vart det laga til meir ved frå nærområdet til hytta.

I slutten av juni vart det arrangert Jubileumstur Vetledalseter-Slæom-Sota med ca: 20 deltakarar. Seinare på året var der overnattingstur med Barnas Turlag, og det vart også sett opp Turbo-kasse ved sitjebenken utanfor hytta.

Tidleg i juli månad vart det hengt opp folierte informasjonsplakatar vedkomande bruk av gass og generelle hyttereglar (etter oversendt informasjon frå DNT).

Det må også nemnast at det på ettersommar/haust har vore arbeid med opprusting/restaurering av den gamle driftevegen mellom Loppeset og Erdalsetra i regi av grunneigarlaget, med innleige av

sherpaer og maskiner. Dette er finansiert av statlege midlar løyvt over statsbudsjettet – kr. 610.000,- - og som følge av prioritering i forvaltningsplan for besøksstrategi for nasjonalparkar.

Tilbakemeldingar i hyttEboka dokumenterer at besøkjande set pris på dette hytte- og overnattingstilbodet her.

Ut frå besøksprotokollen blir hytta brukt gjennom heile året.

Det er i løpet av året (fram til 26.10) registrert 164 dagsbesøk og 107 besøk med overnatting.

Dette er ein bra stor auke frå 2016 (130-78).

Vi nådde såleis målsetjinga om over 100 overnattingar på hytta dette året !

Utgifter og inntekter framgår av rekneskapen.

Styret for Vetledalshytta

John-Eirik Greidung

Stig Skåre

Per Jakob Kyrkjeeide

Tor Guddal



1.mai 2017



Sommaren 2017



30. september 20